

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 12.01.2024

Vår ref.: 202008885-3 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Avgrensa høyring av søknad om å redusere minste slukeevne i Vågååna kraftverk i Vindafjord kommune, Rogaland

NVE har fått ein søknad frå Småkraft AS om løyve til å redusere minste slukeevne i Vågååna kraftverk i Vindafjord kommune frå 110 l/s til 30 l/s. Søknaden skal behandlast etter vassressurslova.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det krevst kunngjering og brei offentleg høyring. Søknaden blir difor berre sendt på avgrensa høyring til Vindafjord kommune, Rogaland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Rogaland og Mowi ASA avd. Vågafossen med høyringsfrist 01.03.2024.

Her finn du søknaden

Søknaden med vedlegg er lagt ut på NVE si nettside: www.nve.no/8800/V.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Gjennom høyring av søknaden ynskjer NVE å få inn synspunkt på planane som er presenterte i søknaden. NVE ynskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ynskjer også grunngjevne forslag til avbøtande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet.

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/8800/V)
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202008885 i emnefeltet)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202008885 i emnefeltet)

Frist for å sende fråsegn er

01.03.2024



Med helsing

Brit Torill Haugen
fagleiar

Malin Solheim Olsen
førstekonsulent

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I ROGALAND
VINDAFJORD KOMMUNE
MOWI ASA

Kopimottakarliste:

SMÅKRAFT AS